

BACHELOROPPGÅVE

Dei stille barna
Quiet children

436

BLUBACH

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett
Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag
Modgun Ohm
02.06.2020

Tal på ord: 8922

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjelde tilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.*

Abstract

In my study practice in various kindergartens, my experience is that children who show an internalized behavior are more easily overlooked in the kindergarten, compared to children who show disruptive behavior. Furthermore, there seem to be less research on children with internalized behavior than on disruptive behavior.

The purpose of this thesis is to examine what educational leaders associate with the term internalized behavior, and to examine how they approach children with this behavior. I seek to answer the following research question: «How does educational leaders define internalized behavior and how do they work to build attachment with children who show internalized behavior?»

I have presented theory from Lund, Drugli, Brandtzæg et al. and Barsøe. I have chosen a qualitative research method and interviewed two educational leaders to collect data.

The results from the informants show that internalized behavior is used as a collective term which includes several different behavioral expressions. The answers also seem to support the idea that children with internalized behavior tend to get less noticed in the kindergarten than those who show disruptive behavior. An expression that is used both in the litterature and also among the informants is «The quiet children», hence the title of the thesis. Internalized behavior is seen as a problem when it prevents development and learning. Having a safe attachment is seen as a decisive factor that determines whether the children are able to explore and play in the kindergarten. With children who show internalized behavior, you might need to spend more time creating a safe attachment between the children and the caregivers.

Nøff gikk forsiktig nærmere Brumm bakfra.

«Brumm», hvisket han.

«Ja, Nøff», sa Brumm.

«Ingenting», sa Nøff og tok labben hans.

«Jeg ville bare være ganske sikker på at du var her».

(Milne, 2007, s. 25).

Innhaldsliste

1 Innleiing.....	5
1.1 Val av tema og problemstilling.....	5
1.2 Avgrensing av problemstilling	6
1.3 Omgrepssavklaring	6
1.4 Tidlegare forsking.....	7
1.5 Oppbygging av oppgåva.....	7
2 Teori.....	8
2.1 Lund sin definisjon av innagerande åtferd	8
2.2 Askland & Sataøen sin definisjon av tilknyting	9
2.3 Drugli og Brandtzæg m.fl. sin tilknytingsteori	9
2.4 Tilknyting til barn med innagerande åtferd.....	10
3 Metode	13
3.1 Kva er metode?.....	13
3.2 Val av metode.....	13
3.3 Informantar.....	14
3.4 Reliabilitet og validitet.....	14
3.5 Datainnsamling.....	15
3.6 Etiske omsyn	15
3.7 Metodiske utfordringar.....	16
4 Funn frå intervjua	17
4.1 Innagerande åtferd	17
4.2 Tilknyting	17
4.3 Informantane si erfaring med barn med innagerande åtferd	18
4.4 Tilknyting til barn med innagerande åtferd.....	19
4.5 Å inkludera barn med innagerande åtferd.....	19
4.6 Anerkjening av barn med innagerande åtferd.....	20
4.7 Erfaring med personale sin kompetanse kring innagerande åtferd	20
5 Drøfting.....	22

<i>5.1 Innagerande åtferd</i>	22
<i>5.2 Tilknyting</i>	23
<i>5.3 Tilknyting og inkludering av barn med innagerande åtferd.....</i>	24
<i>5.4 Personale sin kompetanse og anerkjennning.....</i>	26
6 Avslutting og oppsummering.....	28
7 Litteraturliste	30
8 Vedlegg	32
<i>8.1 Vedlegg 1: Førespurnad om deltagning på intervju.....</i>	32
<i>8.2 Vedlegg 2: Intervjuguide</i>	33

1 Innleiing

I barnehagen skal ein sørge for at alle barn vert møtt som individ. Ein skal legge til rette for at alle barn føler at dei vert anerkjende og sett for den dei er. Barnehagen skal og synleggjere det enkelte barn sin plass og verdi i fellesskapet (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 8-9). I forbindelse med barns åtferd høyrer ein gjerne om barna som viser ei utagerande åtferd. Noko som vert mindre fokusert på, men som er vel så viktig, er barn som viser innagerande åtferd. Lund (2012, s. 27) viser til internasjonal forsking frå Asendorpf (1986), Henderson & Zimbardo (2001) og Sørlie (2000) som hevdar at opp mot 20 % av barn og unge mellom 4 og 18 år har ei innagerande åtferd. Då prosenttalet er relativt høgt vil det seie at det er stort sannsyn for at ein vil treffe barn som viser nettopp innagerande åtferd i barnehagen. Korleis skal ein best mogeleg møte desse barna?

Eg ønsker å undersøke korleis barn med innagerande åtferd vert oppfatta og korleis dei tilsette i barnehagen legg til rette for at desse barna skal føle at dei vert sett. Eg skal ta føre meg kva eit utval av pedagogiske leiarar tenkjer om barn med innagerande åtferd, og korleis dei arbeider med tilknyting til barna med innagerande åtferd i sine avdelingar.

I dette kapittelet vil eg byrje med å presentere temaet og problemstillinga mi, før eg seier noko om korleis eg har avgrensa problemstillinga. Til slutt vil eg avklare nokre omgrep og kort seie noko om korleis oppgåva er bygd opp.

1.1 Val av tema og problemstilling

Fleire gonger i løpet av praksisperiodane mine har eg møtt barn som har vore stille og tilbakehaldne. Etter å ha vore i praksis sit eg att med eit inntrykk av at desse barna, som er stille og trekk seg tilbake, gjerne vert oversett i større grad enn andre barn i ein hektisk barnehagekvardag. Eg har eit sterkt ønske om at alle barn skal verte inkluderte og anerkjent. Det står og i verdigrunnlaget til barnehagen at å møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhørsle og anerkjenning er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 7).

Sjølv etter tre år på barnehagelærarutdanninga føler eg at eg ikkje har nok kunnskap kring barn som viser innagerande åtferd. Eg kjenner på ei stor interesse for dette, og difor ønska eg

tilegne meg meir kunnskap om akkurat denne forma for åtferd. Eg ønsker å fokusere spesielt på korleis det vert arbeidd med tilknyting til barn med innagerande åtferd i enkelte barnehagar. Ut i frå det eg ønsker å undersøke har eg utforma denne problemstillinga:

«Kva legg pedagogiske leiarar i omgrepet innagerande åtferd og korleis arbeider dei med tilknyting til barn som viser innagerande åtferd?»

1.2 Avgrensing av problemstilling

I problemstillinga mi har eg valt å nytte meg av omgrepa innagerande åtferd og tilknyting, noko eg vil komme meir inn på under kapittel 1.3 omgripsavklaring. Det kan finnast mange ulike årsakar til kvifor barn viser ei innagerande åtferd, men det kjem eg ikkje til å gå særleg inn på, grunna omfanget av oppgåva.

Det kunne vore spanande å intervju andre yrkesgrupper i barnehagen for å kanskje få ulike vinklingar på problemstillinga, men for å avgrense oppgåva har eg valt å berre intervju pedagogiske leiarar. Grunnen til at eg har valt å intervju pedagogiske leiarar kjem eg tilbake til i kapittel 3.3.

1.3 Omgripsavklaring

I litteraturen vert det brukt ulike omgrep; stille barn, sjenanse, introverte og sosial angst. I denne oppgåva bruker eg omgrepet innagerande åtferd som eit samleomgrep rundt alle desse. Når eg i oppgåva mi skriv om barn med innagerande åtferd, viser eg til barn i alderen 1-6 år, då det er det som er relevant for mi oppgåve.

Eg vil påpeike at åtferda ikkje definerer barna som person, men er ein liten del av barna. Det er viktig at me ser barna som heile individ, og ikkje definerer dei ut frå deler av åtferda deira. Eg tenker og at å vere litt stille og tilbakehalden er heilt greitt, men når det er i ei slik grad at det går ut over læring og utvikling, må ein gjere noko. Det å vere eit stille barn fører ofte til at ein forsvinn litt i larmen frå all aktivitet i barnehagen. Dei barna som er tilbakehaldne og krev lite merksemd taper ofte kampen om merksemada, då andre barn som tek meir plass krev at dei vaksne er tilstade for dei (Lund, 2012, s. 14). Eit anna poeng er at ein ikkje berre viser ei innagerande eller ei utagerande åtferd. Åtferda ein viser vil avhenge av kva situasjon ein er i,

kvar ein er og kven ein er med. Ein må vere bevisst på at dette kan variere til dømes mellom barnehage og heim (Lund, 2012, s. 29).

1.4 Tidlegare forsking

Forsking viser at det er omlag like vanleg med innagerande åtferd som med utagerande åtferd (Lund, 2004, s. 22). Ei viktig stemme innan dette området er Ingrid Lund. Ho har skrive mykje litteratur som tek for seg denne åtferdsutfordringa. Det fins noko litteratur på innagerande åtferd, og det er mellom anna skrive nokre master- og bacheloroppgåver som omhandlar det. Dersom ein samanliknar innagerande åtferd med utagerande åtferd er det mindre fokus og forsking på den innagerande åtferda. Som eit døme vil eit søk på Oria.no (pr. 01.06.2020 kl. 19:30) på det norske fagbibliotek gje 73 treff på «innagerande åtferd», medan eit søk på «utagerande åtferd» vil gje 162 treff. Søka er gjort både på nynorsk og bokmål.

1.5 Oppbygging av oppgåva

I kapittel 2 vil eg gjere greie for teori knytt til emnet eg studerer. Vidare i kapittel 3 presenterer eg metoden eg har nytta meg av. I kapittel 4 skal eg presentere funna frå intervjua, før eg i kapittel 5 drøftar funna opp mot teorien eg har nytta meg av. Til slutt i kapittel 6 presenterer eg avsluttinga og oppsummeringa.

2 Teori

I dette kapittelet vil eg vise til relevant faglitteratur for problemstillinga mi. Eg har spesielt fokusert på Lund (2012) sin teori knytt til innagerande åtferd og Drugli (2017) og Brandtzæg m.fl. (2013) sin teori knytt til tilknyting. For å vise korleis ein kan arbeide med tilknyting til barn med innagerande åtferd, har eg brukt teori frå Barsøe (2010). Til å definere omgrepet tilknyting har eg brukt Askland og Sataøen (2013) sin teori.

2.1 Lund sin definisjon av innagerande åtferd

Lund (2012) definerer innagerande åtferd slik: «innagerende atferd er en benevnelse på en atferd der følelser, opplevelser og tanker holdes og vendes innover mot en selv. Uttrykk som kommuniseres, kan være sårbar, avisende, deprimert, tilbaketrukket, angst og usikkerhet» (s. 27). Vidare brukar Lund (2012) omgrepet sjenanse når ho tek for seg innagerande åtferd. Sjenanse kan definerast som å vere naturleg forsiktig tilbakehalden i nye situasjoner, eller som eit problem som vidare utviklar seg til isolasjon, einsemd og sjølvforakt. Sjenanse kan virke både hemmande for barna, og det kan utfordre barna sitt forhold til andre menneske (s. 15). Dersom sjenanse og frykta påverkar barna sin kvardag slik at aktivitetar vert vanskeleg å gjennomføre utan å engste og grue seg, kallar me det sosial angst (Flaten, 2010, s. 32).

Ei rekke ulike punkt kan gje oss ei større forståing av kva for nokre åtferdsutfordringar barn kan ha. Det kan til dømes vere ei manglande evne til læring som ikkje har intellektuelle eller fysiske årsaker. Det å ha manglande evne til å skape stabile sosiale relasjoner med både barn og vaksne kan og vere ei utfordring. Nokre barn vil oppleve uventa kjensler og reaksjonar under det som vert rekna som normale tilhøve, medan nokre kan oppleve å vere triste eller deprimerte. Ei anna åtferdsutfordring barn kan ha er tendensen til å utvikle fysiske symptom eller frykt i samanheng med personleg- eller skuleproblematikk (Lund, 2012, s. 25). Dei barna som viser innagerande åtferd viser sjeldan spontanitet eller at dei er glade, og verkar ofte triste (Lund, 2004, s. 20). Noko som er viktig å påpeike er at barn som viser innagerande åtferd ikkje er ei einsarta gruppe. Dette er eit omgrep som vert brukt som eit samleomgrep på dei ulike åtferdsuttrykka som er nemnt over (Lund, 2004, s. 19).

I følgje Lund (2012) treng barn at dei vaksne ser dei. I møte med barn med innagerande åtferd er det viktig at dei vaksne prøver å forstå denne åtferda. Nokre barn treng berre meir tid enn

andre på å bli trygge. Medan hos andre barn kan det ligge opplevingar bak som gjer at barna har vanskar med å knytte seg til andre og å vise tillit. Dette kan vere årsaker som til dømes mobbing eller omsorgssvikt (s. 26). Det er viktig for tilknytinga at ein som vaksen investerer tid i barna, og bruker tid på å prøve å forstå kva som ligg bak åtferda. Då det vil vera lettare å sette i gang tiltak med tanke på kva årsaka er.

2.2 Askland & Sataøen sin definisjon av tilknyting

For å definere tilknyting kan me seie at det er det emosjonelle bandet som knyt barna til ein eller fleire personar. Det er mor og far som er dei primære omsorgspersonane og den trygge basen til barna. Men når barna er i barnehagen og mor og far ikkje er der, treng dei sekundære tilknytingspersonar som er til stades emosjonelt for barna. Desse personane må sjå barna og deira behov, og evne å svare på behova deira (Askland & Sataøen, 2013, s. 61-62). Det å vere knytt til ein anna person vil ikkje seie at ein er avhengig av den andre. Det essensielle er at ei trygg tilknyting vil gje barna fridom til å utforske. I følge Askland & Sataøen (2013) er tilknyting ein relasjonsprosess med tre viktige faktorar. Nemleg den sensitiviteten omsorgsgivaren viser ovanfor barna sine kjenslemessige uttrykk, temperamentet til barna og barndomserfaringa til omsorgsgivaren. Det viser at prosessen ikkje berre gjeld barnet som skal knytte seg til ein annan, men i like stor grad dei emosjonelle og sosiale kjenslene til omsorgsgivaren (s. 63).

2.3 Drugli og Brandtzæg m.fl. sin tilknytingsteori

Det er viktig at barna får knytte seg til dei vaksne i barnehagen. Dersom barna ikkje har tilknyting eller trygghet vil dei ikkje oppleve ro nok til å kunne utforske og lære i barnehagen. Når foreldra til barna ikkje er tilgjengeleg er det av stor betyding at barna har ein god sekundær tilknytingsperson som dei kan støtte seg til (Brandtzæg, Torsteinson & Øiestad, 2013, s. 21). Tilknytingspersonen er viktig for barna i form av at denne personen hjelper barna med å regulere kjenslene sine, noko som er naudsynt for å fungere godt mellom anna kognitivt og sosialt. Dei tilsette vil vere som ei trygg hamn for barna i barnehagen når dei opplever at omsorgspersonane gir dei ei kjensle av trygghet (Drugli, 2017, s. 44). Når barna kjenner at dei har ein trygg person som dei er knytt til i barnehagen, vil dei kunne leike og utforske. Då veit barna at dei har ein trygg person i nærleiken dersom det skulle ha behov for nærliek og støtte (Drugli, 2017, s. 44).

Drugli (2017, s. 48) viser til det me kallar «indre arbeidsmodellar.» Det vil seie at når barna samspeler med tilknytningspersonane sine, lagar det bilet om seg sjølv og andre, samt bilet av korleis samspel med andre menneske fungerer. Desse indre arbeidsmodellane er viktige for personlegdomsutviklinga til barna og kan ha noko å seie for heile barna sine liv. Særleg gjeld dette situasjonar der barna si tilknytingsåtferd vert aktivert, til dømes ved frykt, usikkerheit og når barna vert lei seg. Barna vil då utvikle sine indre arbeidsmodellar ut frå dei erfaringane dei gjer seg gjennom samspel med tilknytningspersonane. Dersom barna er vant med å få positiv respons på kjenslene sine, vil dei vera tryggare i utforskinga av omverda, og dei vil utvikle tru på si eiga verd og ei positiv sjølvkjensle (Drugli, 2017, s. 48 – 49). Dette er nært knytt saman med forståing og anerkjenning. For å kunne forstå både seg sjølv og verda er barn avhengige av vaksne. Dersom trygge tilknytningspersonar viser forståing og anerkjenning for barna sine kjensler og opplevingar, vert dei tryggare og rolegare på innsida (Brandtzæg, Torsteinson & Øiestad, 2013, s. 24).

I arbeidet med barn i barnehagen vil du møte ei rekke ulike barn med ulike behov og utfordringar. Nokre barn vil gjerne utfordre deg, medan andre kan kjennast lettare ut å vere saman med. Uansett om barna utfordrar deg i stor eller liten grad, er det viktigaste å få barna til å føle seg verdifulle. Dei vaksne må hjelpe barna til å kjenne seg verdsette og viktige (Brandtzæg, Torsteinson & Øeiestad, 2013, s. 23). I møte med barn med innagerande åtferd, vil dei gjerne utfordre deg med tanke på at dei vil krevje meir tid til tilknyting. Då er det viktig at ein som voksen tek seg tid og ikkje gjev opp sjølv om ein ikkje får respons til å byrje med.

2.4 Tilknyting til barn med innagerande åtferd

Når den innagerande åtferda er av ein slik karakter at den er ei hindring for læring, utvikling og samhandling må noko gjerast. Det kan vere vanskeleg å avgjere kva tid den innagerande åtferda skal sjåast som eit problem. Dette avhenger av alder, person og kontekst. Dessutan kjem det an på kva som er ønskeleg åtferd, då ein type åtferd kan vere greitt i ein situasjon, men ikkje i ein annan. Det vil og variere frå barnehage til barnehage og frå voksen til voksen korleis åtferda vert tolka og vurdert (Lund, 2004, s. 21).

Det er ikkje alltid like lett å sjå dei barna som trekk seg tilbake og er stille når det er hektiske dagar i barnehagen. Utanfrå kan det dessutan sjå ut som at desse barna krev noko

særleg. Til samanlikning vil barn som viser utagerande åtferd krevje mykje meir merksemد, då dei viser initiativ og uttrykker seg på ein anna måte (Lund, 2012, s. 22). Som Brandtzæg m.fl. (2013) viser til, treng barna at dei vaksne i barnehagen er sekundære tilknytingspersonar for dei (s. 21). Det er viktig at dei vaksne tek seg god tid til barna.

Avhengig av bakgrunn for den innagerande åtferda kan ein oppleve at relasjonen mellom barn og vaksen er prega av uthygg tilknyting. Til dømes vil ein kunne oppleve uthygg unnvikande tilknyting ved at barna verken søker trøst eller tek i mot trøst frå den vaksne i situasjonar der det ville vere naturleg (Drugli, 2017, s. 52). Ein vil og kunne oppleve uthygg ambivalent tilknyting i form av at barna ofte søker nærleik og merksemد frå vaksne, samstundes som barna framleis er uroleg og kan vere klengete (Drugli, 2017, s. 52).

For barna si utvikling vil det vere avgjerande å ha trygg tilknyting til minst ein vaksen (Barsøe, 2010, s. 116). I barnehagen må ein bruke tid på å bygge opp eit tillitsforhold mellom barna og minst ein vaksen, slik at barna etter kvart kan byrje å utforske og utvikle seg. Barsøe (2010) viser til ein framgangsmåte på korleis ein kan bygge ei trygg tilknyting. Først og fremst må ein vaksen ha spesielt ansvar for å bygge kontakt med barna. Denne vaksne må vere tolmodig og vente på barna dersom det tek tid. Den vaksne kan gjerne oppleve at barna ikkje samspelar med seg, til dømes at dei ikkje har blikkontakt. Då må den vaksne vera nær barna og prøve å forstå barna sine behov. Etter kvart som denne forma for kontakt er etablert, kan ein byrje å gjere ting saman med barna. Dette kan til dømes vere å leike saman med dei. Vidare vil ein gå inn i området for gjensidig forståing. For barna vil det ha mykje å seie at den vaksne anstrengar seg for å forstå kva dei formidlar, samt at den vaksne prøver å forstå barna sine initiativ. Då vil barna oppleve å vere av betydning, noko som er med på å utvikle eit godt sjølvbilete hjå barna (Barsøe, 2010, s. 117).

Nokre barn, gjerne dei som viser innagerande åtferd, vil trenge føreseielegheit i kvardagen. Det kan vere ulike årsaker til dette, til dømes at livet deira har vore prega av kaos. At dagane då er rimeleg like vil vere med på å gje ei tryggleikskjensle. Sjølvsagt skal ikkje alle dagar vere like, men me som er tilsette i barnehagen må hugse på å førebu dei barna som treng det når dagane vert ulike frå det dei er vane med (Barsøe, 2010, s. 121).

Rammeplan for barnehagen (2017, s. 19) seier at «Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa.» Det vil seie at enkeltbarn som har behov for

det skal få tilpassa innhaldet etter sine behov. Me skal gjere det me kan for at barna skal vise sine beste sider, samstundes som me skal skjerme barna frå situasjonar dei kan oppleve som særskilt ubehagelige (Barsøe, 2010, s. 125). Sjølvsagt skal ikkje barn skjermast frå alt som kan gjere dei engstelege. Me må passe på å utfordre barna ut frå deira føresetnad, utan å presse dei for hardt. Ein bør på førehand snakke med barna om situasjonen, slik at dei er førebudd på kva som skal skje. Eksponeringa bør vere lagt opp slik at barna kjenner på noko ubehag, utan at det vert heilt overveldande. Slik eksponering regelmessig og over tid, vil føre til at barna etter kvart vil kjenne at situasjonen ikkje er så utfordrande lenger (Flaten, 2010, s. 150). Dersom barna ikkje vert utfordra vil dei berre verte reddare og reddare. For at alt dette skal kunne gjennomførast må barna ha tilknyting til minst ein trygg voksen (Barsøe, 2010, s. 130).

3 Metode

For å gje svar på ulike forskingsspørsmål har me ulike framgangsmåtar som me kallar vitskapleg metode (Bergsland & Jæger, 2014, s. 66). I dette kapittelet vil eg kort forklare kva metode er, før eg går inn på kva metode eg har valt og korleis eg har samla inn data. Eg vil også seie noko om informantane eg har intervjua og etiske omsyn ved oppgåva.

3.1 Kva er metode?

Dalland (2012) viser til at metoden er eit reiskap me nyttar oss av når me skal undersøke noko. Den hjelpt oss til å samle inn data til undersøkinga (s. 112). Til dette har me i hovudsak to ulike metodar; kvalitativ og kvantitativ metode. Den kvalitative metoden går meir i djupna, og ein kan nytte seg av ulike innsamlingsmetodar, som til dømes intervju, observasjon og videoopptak. Den kvantitative metoden derimot vektlegg utbreiing og antall. Det er ein forskingsmetode som omfattar tal og det som er målbart (Bergsland & Jæger, 2014, s. 66 - 68). Begge dei to metodane bidreg på ulike måtar til ei betre forståing av samfunnet me lev i. Ein vesentleg skilnad mellom dei er at den kvalitative metoden undersøker i djupna og gjerne med få undersøkingseiningar, medan den kvantitative metoden undersøker i breidda og gjerne med mange einingar (Dalland, 2012, s. 113).

3.2 Val av metode

I problemstillinga mi ønsker eg å finne ut av kva barnehagelærarar tenker om eit gitt tema, og korleis dei arbeider med dette i sin barnehagekvardag. Dette er noko som verken er målbart eller lar seg talfeste. Difor ser eg på kvalitativ metode som mest relevant. Den kvalitative metoden er meint som ein metode som fangar opp meininger og opplevelingar (Dalland, 2012, s. 112). Under kvalitativ metode er det mange ulike innsamlingsstrategiar å velje mellom. Eg valte å samle inn data gjennom intervju. Formålet med å intervjuer er å få svar på spørsmåla *kva, kvifor og korleis* (Bergsland & Jæger, 2014, s. 70). Vidare vil eg gjennomføre individuelle intervju for å få fram informantane sine tankar. Eg føretrekk individuelle intervju framfor gruppeintervju, då gruppeintervju for nokon kan føre til at dei vert meir tilbakehalde og ikkje deler alt dei elles ville delt. Eigentleg var planen å gjennomføre intervjuia fysisk og bruke bandopptakar, men grunna Covid-19 måtte eg endre på planen. Difor vart intervjuguiden (vedlegg 2) sendt ut til informantane på e-post og besvart skriftleg i staden for.

3.3 Informantar

I kvalitativ metode nyttar ein seg gjerne av få personar, medan ein går i djupa på temaet (Dalland, 2012, s. 165). Eg har valt å intervju to informantar, då det vil vere eit passeleg tal på informantar med tanke på omfanget av oppgåva. Dersom omfanget av oppgåva hadde vore større ville eg auka talet på informantar. I val av informantar har eg gjort eit strategisk utval. I strategiske utval tek ein utgangspunkt i å velje ut personar ein meiner har bestemt kunnskap eller erfaring (Dalland, 2012, s. 163). Eg valte å intervju to pedagogiske leiarar. Det er pedagogisk leiar som skal sørge for at barnehagelova og rammeplanen vert oppfylt på avdelinga (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 16). Det er ein del av grunnlaget for at eg valte å intervju akkurat pedagogiske leiarar til oppgåva mi. For å vere sikker på å få svar har eg nytta meg av eige kontaktnettverk for å finne informantar.

Dei to informantane arbeider i to ulike barnehagar i Bergen. Dei to informantane er ein mann og ei kvinne, og eg vel å kalle dei for informant 1 og informant 2. Begge to er utdanna barnehagelærarar og informant 1 har noko tilleggsutdanning. Informant 1 har 23 års erfaring med arbeid i barnehage, medan informant 2 har 9 års erfaring. Eg vil konsekvent skrive «han» når eg viser til informantane sine utsegn, for å bevare anonymiteten til dei to. Dette er noko som og går på dei etiske omsyna ved oppgåva.

3.4 Reliabilitet og validitet

Reliabilitet vert knytt til spørsmålet om truverdigheit (Jæger & Bergsland, 2014, s. 80). Det handlar om at målingar og undersøkingar må gjerast på ein påliteleg og korrekt måte (Dalland, 2012, s. 52). Validitet legg vekt på kor relevante dataane representerer det som skal undersøkjast, og i kva for grad resultata er gyldige for det utvalet og fenomenet som er undersøkt (Larsen, 2007, s. 26). Valet av kvalitative intervju med nokre få strategisk utvalde informantar er ein metode som er relevant for spørsmåla som vert stilt i problemstillinga.

Dersom validiteten på oppgåva skulle vore endå betre kunne eg ha nytta meg av fleire innsamlingsmetodar, til dømes observasjon, men grunna omfanget av oppgåva vart ikkje det aktuelt. Det er viktig at kjeldene ein brukar er relevante, men og den data ein hentar frå kjeldene må vere relevant (Dalland, 2012, s. 120). Eg synes og at data eg henta frå kjeldene er relevant, då spørsmåla eg har stilt belyser mange sider ved problemstillinga. Spørsmåla er opne og opnar for at informantane kan svara utfyllande innanfor temaet.

3.5 Datainnsamling

Eg laga ein intervjuguide for å ha oversikt og sørge for at eg fekk stilt relevante spørsmål med tanke på problemstillinga mi. Ein intervjuguide er meint for å skulle leie deg gjennom intervjuet, og som hjelp for å hugse kva tema som skal takast opp (Dalland, 2012, s. 167). Uføresette hendingar gjorde at eg måtte endra tilnærminga frå fysiske intervju til skriftlege intervju. Difor måtte intervjuguiden verte meir detaljert enn eg først hadde planlagt. I utgangspunktet ville eg hatt ulike tema på intervjuguiden, men då eg skulle sende den ut på e-post måtte det vere klare og eit avgrensa antall spørsmål som informantane skulle svara på. Eg utforma spørsmål som starta med kva og kvifor, altså deskriptive spørsmål (Bergsland & Jæger, 2014, s. 72). Eg prøvde og å utforme spørsmåla mest mogeleg opne, for at informantane skulle ha mest mogleg rom for refleksjon og utgreiing.

Egentleg skulle intervjuguiden ha blitt sendt ut til informantane dagen før det fysiske intervjuet skulle skje. Dette for at informantane skulle ha moglegheit til å tenke gjennom spørsmåla på førehand, samstundes som det er deira tankar eg vil ha fram, og ikkje nødvendigvis kva teorien seier om temaet. Som sagt vart intervjuguiden sendt ut via e-post, og eg fekk og svar tilbake via e-post.

3.6 Etiske omsyn

I samanheng med arbeidet med ei slik oppgåve, må ein tenke gjennom kva etiske utfordingar arbeidet medfører. Etikk handlar om normene for god og riktig livsførsel (Dalland, 2012, s. 96). I forkant av intervjuet sende eg ut informasjon på e-post til informantane med førespurnad om å delta (vedlegg 1). E-posten inneholdt mellom anna informasjon om formålet med oppgåva, at det var frivillig å delta og at informantane når som helst kunne trekke seg frå undersøkinga. Dei vart også informert om at eg opprinneleg hadde tenkt å nytte meg av bandopptakar til intervjuet, og at dei og barnehagen ville verte anonymiserte. Ein er anonymisert når opplysninga ikkje på noko måte kan identifisere enkeltpersonar, verken direkte eller indirekte (Dalland, 2012, s. 103). Når ein intervjuar andre i ei slik oppgåve, rører ein ved privatlivet deira. Nettopp difor er det viktig at informantane kan vere trygge på at deira identitet vert anonymisert.

I utgangspunktet hadde prosjektet mitt meldeplikt til NSD av omsyn til personvern (Bergsland og Jæger, 2014, s. 85). Eg meldte difor prosjektet til NSD og fekk det godkjent, sjølv om eg enda opp med å ikkje nytta bandopptakar likevel.

3.7 Metodiske utfordringar

Det er fleire utfordringar ved valet av metode, spesielt sidan uføresette hendingar gjorde at eg måtte endra metode på kort varsel. I og med at eg endra på metoden vart intervjuet gjennomført skriftleg. Denne metoden har difor nokre likskapstrek med spørjeundersøking som innsamlingsstrategi. Eg ser at det å sende ut intervjuguiden på e-post kan ha nokre ulemper for oppgåva. På den eine sida er det positivt i form av at informantane får god tid til å tenke seg om på kvart spørsmål, medan på den andre sida er det ein viss sjans for at informantane nytta seg av teori då dei svara. Det kan tenkast at det sveikkar reliabiliteten til informantane sine svar, ettersom ein ikkje har nokon garanti for at dette er informanten sine eigne erfaringar og tankar. Eg vel likevel å stole på at det er deira eigne erfaringar og tankar som ligg til grunne for svara. Ein mister og noko av dialogen og høvet til å stilla spontane oppfølgingsspørsmål som ein får i eit intervju som skjer ansikt til ansikt. Sjølv om ein mister dialogen når informantane måtte svara på e-post, hadde eg fortsatt moglegheita til å stille informantane fleire oppfølgingsspørsmål i etterkant av at dei hadde svara på intervjuguiden.

4 Funn frå intervjua

I følgande kapittel vil eg gjere greie for funna frå dei skriftlege intervjua. «En stor utfordring når det gjelder analyse- og tolkningsarbeidet, er å få til å skape et skille mellom informantenes utsagn og tolkninger og egne tolkninger av disse i teksten» (Bergsland & Jæger, 2014, s. 82). Fordi eg ønsker eit tydeleg skilje mellom kva som er informantane sine utsegn og kva som er mine tolkingar, har eg valt å skilje funna og drøftinga i to ulike kapittel. Eg har delt inn i ulike kategoriar for å gjere det oversiktleg. Desse kategoriene er delt inn etter typen spørsmål eg stilte informantane. Dei blei mellom anna spurt om kva dei legg i dei ulike omgrepa, om si erfaring og korleis dei arbeider med tilknyting.

4.1 Innagerande åtferd

Spørsmål: Kva legg du i omgrepet innagerande åtferd?

Infomant 1 viser til dei stille barna som er lette å oversjå. Vidare tek han opp at dei barna som viser innagerande åtferd gjerne er barn som tek lite kontakt med vaksne og andre barn. «De sitter gjerne stille med bordaktivitetar og krever lite oppmerksomhet.»

Infomant 2 nemner og at dette er dei stille barna. Han skriv at dette til dømes er barn som «viser tilbaketrukketheit, viser introvert atferd, er innadvente og sosialt usynlige». Han er og oppteken av å påpeike at innagerande åtferd ikkje er ei einsarta gruppe, men ei fellesnemning for barn som av ulike grunnar forsvinn i mengda. «Det er viktig å være bevisst på at dette er barn som er ulike individer, med ulike behov, tanker og opplevelser som er nært knyttet til sin innagerende atferd». Vidare skriv han at innagerande åtferd er ei fellesnemning på ei åtferd der kjensler, opplevingar og tankar vert halde og vendt innover mot ein sjølv. Ein kan og sjå på det som det motsette av utagerande åtferd, sjølv om årsaka kan vere den same.

4.2 Tilknyting

Spørsmål: Kva legg du i omgrepet tilknyting?

På spørsmål om kva informant 1 legg i omgrepet svarar han: «å ha en trygg relasjon hvor man er betydningsfull for den andre».

Informant 2 skriv:

tilknytning er evnen til å knytte seg til omsorgspersoner rundt en. Her skiller vi mellom trygg og utrygg tilknytning, hvor barn som opplever trygg tilknytning bruker omsorgspersonene som en trygg base de utforsker ut fra. Et barn som opplever utrygg tilknytning viser lite oppmerksomhet mot omsorgspersonene. Barn med utrygg tilknytning har vært utsatt for følelsesmessig utilgjengelighet, avvisning, tilbaketrekkning eller invadering fra de voksne.

4.3 Informantane si erfaring med barn med innagerande åtferd

Eg har valt å stille informantane spørsmål om deira erfaring med barn med innagerande åtferd. Grunnen til det er at eg vil vite kva grunnlag informantane har då dei svarar på dei andre spørsmåla.

Spørsmål: Kva erfaringar har du med barn med innagerande åtferd? Har du/har du hatt barn som du definerer som barn med innagerande åtferd på di avdeling?

Informant 1 skriv at han for det meste har jobba på småbarnsavdeling og at han har lite erfaring med det der ifrå. Han viser til at dei fleste barna på småbarnsavdeling er i ferd med å etablere sin personlegdom og at dei treng mykje merksemd og støtte frå dei voksne. «Jeg har opplevd stille og rolige barn i arbeid med større barn». I arbeid med dei har han vore ekstra obs på å oppdaga åtferd som ikkje er hensiktsmessig over tid.

På spørsmål om informant 1 har eller har hatt barn med innagerande åtferd på si avdeling, svarar han: «Nei, ikke utover at det er noen barn som trenger ekstra hjelp og støtte for å ta kontakt med omgivelsene, komme inn i leken og få et variert aktivitetsmønster».

Informant 2 fortel: «Mine første erfaringer var gjennom praksis, da jeg la merke til barn som forsvant i mengden, barn som ikke ble lagt merke til. Dette gjorde at jeg fikk særskilt interesse for disse barna». Etter at han byrja å jobbe som pedagogisk leiar seier han at han har hatt barn med innagerande åtferdsmønster i alle barnegrupper han har hatt.

4.4 Tilknyting til barn med innagerande åtferd

Spørsmål: Korleis arbeider de med tilknyting til barn med innagerande åtferd på di avdeling?

Informant 1 legg her vekt på at det er viktig med ei aktiv vaksenrolle i arbeid med alle små barn. Ein treng vaksne som ser, bryr seg og som er tett på barn som strevar med det sosiale livet i barnehagen.

Informant 2 påpeikar at ein først og fremst må finne ut av kvifor barna har denne åtferda. Samstundes må ein løfte fram barna for personalet, ein må ha fokus på anerkjenning og gje barna mykje positiv merksemd. Om anerkjenning seier han at: «anerkjennelsens grunnelement er det viktigste verktøyet vi kan ha med oss.»

4.5 Å inkludera barn med innagerande åtferd

Spørsmål: Korleis inkluderer de barn med innagerande åtferd i leik, samlingar o.l.?

Informant 1 meiner at å jobbe med relasjonen er viktig. Ein bør skape trygge rutinar og oversikt. «En må leke med barnet og hjelpe barnet inn i aktiviteter og lek med andre barn.» Ein må ikkje gje opp, og må vise tålmod over tid. Ein viktig del av vaksenrolla er å få barna ut av skalet sitt, samt å trygge barna sitt sjølvbilete og tru på eigne evner. Informanten brukar meistring som eit nøkkelord. Ein bør strekke seg etter å skape situasjonar for barna som kan resultere i meistring. Den vaksne skal fungere som eit støttande stillas for barna. Til dømes i samlingsstunder kan det vere godt for eit stille og usikkert barn å få sitje nært den trygge vaksne. Informant 1 legg og vekt på at blikkontakt og positiv merksemd er vesentleg.

Informant 2 nemner at eit viktig grep er å finne den eine personen som barna kan støtte seg på. «Alle har rett på en venn!» Det å nytte seg av små leikegrupper kan vere eit viktig verktøy. Ein må bruke tid på å finne ut av kva barna likar og kva dei meistrar. Dette bruker ein vidare til å løfte barna fram hjå resten av gruppa. Informant 2 skriv og at barna må anerkjennast heile tida og få mykje kos.

4.6 Anerkjenning av barn med innagerande åtferd

Eg stilte informantane spørsmål om dei syntes at barn med innagerande åtferd vart anerkjent i like stor grad som andre barn, og til dømes barn med utagerande åtferd. Dette fordi eg ønska å få fram deira inntrykk av korleis kvardagen er for barna med innagerande åtferd.

Spørsmål: Synes du at barna som viser innagerande åtferd vert anerkjent i like stor grad som barn som viser utagerande åtferd/andre barn?

Informant 1 byrjar med at dei barna som viser innagerande åtferd er lettare å oversjå. Den utagerande åtferda er synleg og krev meir ressursar. Han viser til at i ein hektisk barnehagekvardag er det dei som må arbeidast med først, fordi dei skapar føresetnadar for dei andre barna sin trivsel og trygghet. Dei stille barna har lettare for å komme i skuggen av dette i store barnegrupper. Informanten meiner at i mindre barnegrupper på små barn er det lettare å sjå dei ulike behova barna har.

Informant 2 seier at: «barn med tilbaketrukne atferdsmönstre blir ofte oversett og ignorert, dette er nok fordi at det ikke rammer omgivelsene i barnehagen.» I likskap med informant 1 skriv han at barn med utagerande åtferdsmönster rammar omgjevnadane og difor krev stor plass.

4.7 Erfaring med personale sin kompetanse kring innagerande åtferd

Til slutt stilte eg spørsmål om korleis informantane erfarer at personale i barnehagar sin kompetanse kring barn med innagerande åtferd er. Dette spørsmålet stilte eg fordi eg sjølv sit med eit inntrykk av at det ikkje er god nok kompetanse på dette, og difor ønska eg informantane sitt perspektiv på det og.

Spørsmål: Korleis erfarer du at personale sin kunnskap kring innagerande åtferd er?

Informant 1 seier at: «Vi kan alltid bli bedre. Men jeg opplever at det er mye oppmerksamhet rundt alle barna som individer i mitt team». Enkelte barn og deira behov vert diskutert i teamet. Han legg til at dei er aktive vaksne som jobbar med inkludering av alle barn i gruppa. Han skriv vidare at dei arbeider med varierte leike- og læringsmiljø og at dei er opptekne av

venskap og leik. På avdelinga hans legg dei til rette for at barna skal kjenne seg trygge og trivast.

Informant 2 har ei litt anna oppfatning. «Jeg sitter med en oppfatning av at de ansatte i barnehagar rundt om ikke har den nødvendige kunnskapen for å håndtere denne typen atferdsvanskar».

5 Drøfting

I dette kapittelet vil eg drøfte funna frå intervuspørsmåla opp mot teorien. Som eg skreiv i førre kapittel, ønsker eg eit tydeleg skilje mellom mine tolkingar og informantane sine utsegner. Eg har difor gjort mitt beste for at det skal komme tydleg fram kva som er mine tankar. Eg har og delt kapittelet inn i fire kategoriar; innagerande åtferd, tilknyting, tilknyting til barn med innagerande åtferd og inkludering og anerkjenning.

5.1 Innagerande åtferd

Både informant 1 og informant 2 viser til at barn med innagerande åtferd ofte er dei stille barna då dei skal definere omgrepet innagerande åtferd. Dette samsvarar i stor grad med Lund (2012) sin definisjon. Ho hevdar at barn som viser innagerande åtferd vender kjensler, opplevingar og tankar inn mot seg sjølv, noko som igjen gjerne vil føre til at ein er meir stille og tilbakehalden enn andre barn (s. 14-27). Dette støttast og oppunder av Drugli (2017). Hennar teori om utrygg unnvikande tilknyting kan sjåast i samanheng med at barn vender kjensler og tankar inn mot seg sjølv (s. 52). Barn som vender tankar, kjensler og opplevingar inn mot seg sjølv vil gjerne ikkje oppsøke dei vaksne og søke eller ta i mot trøst på same måte som eit barn som vender det utover. Dette er noko informant 2 og legg vekt på.

At informant 1 og seier at desse barna kan vere lette å oversjå må ein sjå i samanheng med at dei barna som er stille tek mindre plass og tilsynelatande krev mindre merksemd frå dei vaksne. Lund (2012) bruker omgrepet sjenanse når det er snakk om innagerande åtferd. Barn som er sjenerte er ofte forsiktige og tilbakehaldne, spesielt i nye situasjoner (s. 27). I ein hektisk kvardag i barnehagen vil det vere vanskelegare å legge merke til barna som gøymer seg vekk, eller berre er stille og sjenerte.

Slik eg ser det har dei to informantane litt ulik erfaring med barn med innagerande åtferd. Ut i frå det informant 2 skriv, har han ei særskild interesse for barn med denne typen åtferd. Han viser til at han har hatt barn som viser innagerande åtferd i alle barnegrupper han har hatt. Som eg skreiv innleiingsvis viser forsking at opp mot 20 % av barn mellom 4 og 18 år kan definerast som barn og unge med ei innagerande åtferd (Lund, 2012, s. 27). Det vil då vere naturleg å tenke, slik som informant 2 skriv, at ein møter fleire barn i løpet av åra i barnehagen som viser innagerande åtferd. Informant 1 skriv derimot at han ikkje har hatt barn med innagerande åtferd på si avdeling. Dette bør sjåast i samanheng med at han har jobba på

småbarnsavdeling. Då kan det gjerne kan vere vanskelegare å sjå, grunna at barna då er i ferd med å etablere personlegdommen sin. Informant 1 seier likevel at han er oppmerksam på barn som vert opplevd som stille og rolege, då det er viktig å oppdage åtferd som ikkje vil vere gunstig over tid. Dette er noko Lund (2012) og legg vekt på. Det er viktig for barna at dei vaksne ser dei og forstår dei (s. 26). Eg meiner at dei vaksne må bruke tid på å observere barna og på å bygge ein trygg relasjon til dei. Både for at barna skal verte trygge på dei vaksne, men og for at ein skal kunne finne ut av kva som ligg bak åtferda. Ut frå det informant 1 skriv tenker eg at han kanskje har møtt fleire barn som har vist ei innagerande åtferd og åtferdsuttrykk som vert rekna som ein del av dette. Ei mogeleg forklaring kan vere at han har sett på dei som stille, rolege og sjenerete i staden for å definere åtferda deira som innagerande.

5.2 Tilknyting

Då informant 2 skal definere kva tilknyting er seier han at det er evna til å knytte seg til omsorgspersonar rundt seg. Om ein ser på definisjonen til Askland og Sataøen (2013) finn ein likskaper. Dei hevdar nemleg at tilknytinga er det emosjonelle bandet som barna knyt til primære og sekundære omsorgspersonar, altså mykje av det same som informant 2 seier (s. 61-62). Når eit barn byrjar i barnehagen vil det ikkje lenger ha foreldra, som er dei primære omsorgspersonane, i nærleiken. Dette fører til at barna er nøydde til å knytte seg til og skape eit emosjonelt band med andre personar. Eit nøkkelord for begge informantane her er tryggleik. Dette er noko Brandtzæg m.fl. (2013) og legg vekt på i sin teori. Ved at barna kjenner seg trygge vil dei ha eit godt utgangspunkt for å kunne utforske, leike og lære. For at barna skal kjenne seg trygge avhenger det av dei vaksne rundt barna i barnehagen. Dei vil fungere som sekundære tilknytingspersonar for barna (s. 21). Denne tryggleiken som både informant 1 og informant 2 er opptekne av, er viktig for at barna skal oppleve ro og tørre å sleppe seg laus i leik og utforsking.

Informant 2 nemner og omgropa trygg og ute trygg tilknyting. For eit barn som har opplevd positiv respons på kjenslene sine vil den oppleve den vaksne som ein trygg omsorgsperson. Medan med barn som har opplevd til dømes vaksne som er utilgjengelege eller avviser barna, vil ein kunne oppleve at barna ikkje søker eller ønsker trøst frå den vaksne (Drugli, 2017, s. 52). Dette kan og sjåast i samanheng med årsaken til den innagerande åtferda. Dersom barna har opplevd å ikkje ha god tilknyting deira primære omsorgspersonar, vil dette kunne gå ut

over åtferda deira. Det å føle seg trygg og ha god tilknyting er viktig for at barna skal få utfalde seg. Dette vil kunne gå utover barna sitt sosiale samspel, då dei treng å føle seg trygge for at dei skal utforske og leike både åleine og saman med andre. Rammeplanen for barnehagane (2017) seier at: «barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap» (s. 11). Nettopp for at barnehagen skal vere ein utfordrande stad der barna får utfalde seg innan samspel, fellesskap og vennskap er det først og fremst viktig at barna kjenner seg trygge. Dette kan støttast oppunder av Drugli (2017) som viser til at den vaksne fungerer som ei trygg hamn for barna, som det kan komme til for å søke nærliek og støtte (s. 44). Barna kan utforske og lære, samstundes som det veit at det er ein trygghet i form av ein voksen i nærliken, dersom dei skulle trenge nærliek og støtte.

5.3 Tilknyting og inkludering av barn med innagerande åtferd

Som Barsøe (2010) viser til er det viktig med vaksne som tek seg god tid til barna og som gjer det den kan for å forstå dei (s. 117). Dette er og noko informant 1 er inne på. Barn som er stille og utrygge treng ein voksen som ser. Dei treng ein voksen tilknytingsperson som tek seg tid og hjelp barna slik at dei kan meistre det sosiale saman med dei andre barna. I likhet med Barsøe (2010) er og Askland og Sataøen (2013) i sin definisjon av tilknyting opptekne av at tilknytingspersonane må sjå barna og behova deira. Dei må og kunne respondere på behova barna har (s. 63). Barsøe (2010) legg vekt på at når den vaksne legg inn ein innsats for å prøve å forstå barna vil dei kjenne at dei er av betydning, noko som vil kunne gi eit betre sjølvbilete for barna (s. 117). Som informant 1 skriv er ein viktig del av voksenrolla å trygge barna på sjølvbilete sitt og trua på eigne evner for å få barna ut av skalet sitt. Ut i frå Barsøe (2010, s. 117) sin framgangsmåte tenker eg at det å legge inn ein innsats og gje barna mykje positiv merksemd er det viktigaste for å skape ei god tilknyting mellom partane.

Informant 2 poengterer at å anerkjenne barna er det viktigaste me gjer. Anerkjenning vil seie at ein har evna til å setje seg i andre sitt perspektiv og at ein prøver å forstå den andre sin subjektivitet, til dømes deira opplevelingar, tankar eller kjensler (Lund, 2012, s. 103). Dette kan og støttast opp under av Brandtzæg m.fl. (2013) som er oppteken av at tilknytningspersonane rundt barna må vere forståelsesfulle og vise anerkjenning for det barna opplever og kjenner på (s. 24). Her vil og det Drugli (2017) viser til som «indre arbeidsmodellar» vere aktuelt (s. 48). I samspel med tilknytingspersonane sine vil barna lage bilet av seg sjølv og andre. Om barna

då får mykje positiv merksemd og positiv respons på kjenslene sine, slik informant 2 hevdar at er viktig, vil det etter kvart utvikle betre sjølvtillit og sjølvkjensle. Det å ha ein god sjølvtillit og ei god sjølvkjensle er viktige verktøy å ha med seg når ein skal meistre situasjonar ein opplever at ein er utrygg på.

Barsøe (2010) er i sin teori oppteken av barna må ha tilknyting til minst ein vaksen (s. 116). Dette er også informant 2 inne på. Han seier at ein må finne ein person barna kan støtte seg på, i form av ein ven. Barna må få ha andre barn å leike med, samstundes som det er viktig at det har minst ein vaksen som ser barna og som barna er trygge på. At barna har ein trygg vaksen rundt seg er nøkkelen til at barna skal komme inn i det sosiale og etablere kontakt og venskap med andre barn. Alle barn i barnehagen skal oppleve at dei er ein naturleg del av fellesskapet, og dei skal kjenne seg trygge og føle at dei er av betydning. Nokon barn vil då trenge at ein legg til rette og tilpassar på ein litt anna måte enn til vanleg for at dei skal oppleve det (Kunnskapsdepartementet, 2019, s. 11). Det er me som tilsette i barnehagen som er ansvarlege for at det vert tilrettelagt for dei aktuelle barna, slik at dei kjenner at dei er ein del av fellesskapet.

Begge informantane er opptekne av å bruke tid på å leike saman med barna og bruke tid på det barna er opptekne av og det barna meistrar, for å så løfte barna fram hjå dei andre barna. Som Barsøe (2010) sin framgangsmåte viser er det viktig at ein bruker tid saman med barna på noko det likar for at ein etterkvart kan gå inn i eit område for gjensidig forståelse (s. 117). Det informantane er inne på er ein viktig del av framgangsmåten Barsøe (2010, s. 117) viser til. Ved å bruke tid saman med barna, og bruke tid på situasjonar ein veit at barna meistrar vil ein etter kvart bygge opp sjølvbilete til barn. Ved at barna får eit betre sjølvbilete vil det etter kvart tørre å ta steget lenger ut av komfortsona og det opplever gjerne at vanlege situasjonar som før var skremmande ikkje er det lenger. Dette er noko som kan ta tid, men som det er viktig at me vaksne tek oss tid til å støtte oppunder. For å støtte oppunder dette kan me sjå på Vygotskij sin teori om den nærmeste utviklingssona. Han hevdar at barn har ei nærmeste utviklingssone som dei kan nå, dersom dei får hjelp og støtte frå ein vaksen. Dersom barna får den støtta dei treng vil dei kunne klare det åleine etter kvart (Askland & Sataøen, 2013, s. 200). Det er i den nærmaste utviklingssona me finn læringspotensialet til barna, men det krev at ein har vaksne som hjelpe og støttar rundt barna. Dette kan og støttast av Drugli (2017) sin teori om at barn må ha ein trygg person i nærleiken for nærleik og støtte (s. 44). Det er

utgangspunktet for at barna skal kunne leike og utforske, og vidare kunne utvikle seg i den nærmaste utviklingssona.

Informant 2 løftar og fram at ein må finne ut av kva som ligg bak åtferda. I lys av Lund (2012) sin teori må ein som vaksen legge ned ein innsats for å forstå åtferda til barna og kva utfordringar barna har (s. 25-26). Ved å bruke tid på å bli kjend med barna slik vil ein ha eit betre utgangspunkt for å kunne hjelpe dei. Dersom ein igjen tek utgangspunkt i framgangsmåten til Barsøe (2010, s. 117) og bruker tid saman med barna, spelar på barna sine interesser og rett og slett anerkjenner barna vil ein ha eit godt utgangspunkt for å kunne forstå kva som ligg bak åtferda.

Barsøe (2010) vektlegg at nokre barn vil trenge meir føreseieleighet i kvardagen (s. 121-125). Som informant 1 skriv bør ein skape trygge rutinar og oversikt for barna. For barn som viser innagerande åtferd kan kvardagen bli litt lettare dersom me førebur dei på kva som skal skje. Daglegdagse ting for andre kan nemleg verke skremmande for dei. Rammeplan for barnehagen (2017) seier at: «i barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for» (s. 19). Ein må bruke tid på å sjå kvart enkelt barn, for at ein skal kunne gje dei akkurat den støtta dei treng. For barn med innagerande åtferd kan det då hende at me må skjerme dei frå nokre situasjonar, og førebu dei godt på andre situasjonar for at det skal opplevast best mogeleg for dei. Det å ha trygge rammer vil vere ein føresetnad for at ein kan eksponere barna for situasjonar dei opplever som vanskelege. Dersom barna har ein vaksen dei er trygg på, kan ein etter kvart eksponere barna regelmessig for litt ubehag, for å gjere situasjonar mindre utfordrande (Flaten, 2010, s. 150).

5.4 Personale sin kompetanse og anerkjening

Om personale har den naudsynte kunnskapen kring innagerande åtferd er ikkje informantane heilt samde om. Informant 2 er heilt klar på at hans oppfatning er at ein ikkje har nok kunnskap på dette området. Informant 1 meiner at dei arbeider mykje med dette, samstundes som han peikar på at ein alltid kan bli betre.

Om ein samanliknar barn med innagerande åtferd og barn med utagerande åtferd, så vil barna med innagerande åtferd, slik informant 1 seier, vere lettare å oversjå. At barn som viser

innagerande åtferd vert lettare oversett og ignorert kan støttast med bakgrunn i Lund (2012) sin teori om at dei tilbakehaldne barna ofte taper kampen om merksemda grunna at andre barn krev meir og tek meir plass (s. 14). Informant 1 nemner at vil det vere lurt å arbeide med mindre grupper, då det vil vere lettare å sjå dei ulike behova barna har. Rammeplan for barnehagen (2017, s. 8) seier skal barna i barnehagen verte møtt som individ, og barnehagen skal gje rom for barna sine ulike føresetnadar, perspektiv og erfaringar. Ut i frå mitt perspektiv meiner eg at tanken til informant 1 om å bruke små grupper er god. Skal alle barn verte møtt som individ er ein avhengig at den vaksne har tid og rom til å sjå kvar enkelt, noko som vil vere lettare i små grupper. Som Lund (2004) hevdar kan barn med innagerande åtferd ofte verke passive og viser sjeldan spontanitet (s. 20). Ved å vise slike åtferdsuttrykk vil barna lettare forsvinne i larmen frå andre barn.

6 Avslutting og oppsummering

«Kva legg pedagogiske leiarar i omgrepet innagerande åtferd og korleis arbeider dei med tilknyting til barn som viser innagerande åtferd?»

Som eg skreiv innleiingsvis har eg stor interesse for dette temaet, men eg kjente at eg hadde for lite kunnskap om det. Gjennom arbeidet med denne oppgåva har eg tileigna med mykje ny kunnskap. Eg har og fått eit innblikk i kva to pedagogiske leiarar tenker kring dette tema og korleis dei arbeider med tilknyting til barn med innagerande åtferd.

Før eg starta å skrive oppgåva mi sat eg med eit inntrykk av at barn med innagerande åtferd vert gløymt litt vekk i barnehagekvardagen. Eg stilte informantane nokre spørsmål kring dette, og sjølv om det er litt usemje konkluderer eg med at barn med innagerande åtferd ofte forsvinn litt i bakgrunn av andre barn i barnehagen, og sjølv om tilsette arbeider med å inkludere alle så burde ein hatt endå meir kompetanse på denne typen åtferd.

Problemstillinga mi består av to spørsmål. I første del stiller eg spørsmål om kva dei pedagogiske leiarane legg i omgrepet innagerande åtferd. Ut i frå funna er innagerande åtferd ei samleomgrep for ulike åtferdsuttrykk ein viser. Det vert definert som ei åtferd der kjensler, opplevelingar og tankar vert vendt inn mot ein sjølv. Barn som viser innagerande åtferd er ofte tilbakehaldne og forsiktige i nye situasjonar, og kan verke triste og passive. Eit omgrep som går att både i teorien og hjå informantane er «dei stille barna».

Noko som er viktig å hugse på er at, som eg nemnde, dette er eit samleomgrep. Det vil seie at sjølv om me definerer åtferda til eit barn som innagerande, betyr ikkje det at barna nødvendigvis viser alle uttrykka som er blitt nemnt her. Det er og viktig å hugse på at åtferda ikkje definerer barna som individ. Den innagerande åtferda er ein del av barna, men bak denne åtferda er det verdifulle barn med sin heilt eigen personlegdom.

I andre del av problemstillinga stiller eg spørsmål om korleis dei pedagogiske leiarane arbeider med tilknyting til barn med innagerande åtferd. For barn som viser innagerande åtferd vil det vere avgjerande å ha sekundære tilknytingspersonar rundt seg i barnehagen som skapar trygghet. Ved at barna opplever at dei er trygge vil dei tørre å sleppe seg laus og

utforske, leike og lære. Dersom barna ikkje opplever at dei er trygge, altså at dei har ei utrygg tilknyting, vil det kunne gå utover åtferda deira og det sosiale samspelet deira.

Når ein skal skape ei god tilknyting til eit barn med innagerande åtferd er det viktig at ein tek seg god tid saman med barna. Ein må bygge opp ei gjensidig forståing ved å bruke tid saman med barna på noko barna likar og er opptekne av. I byrjinga kan det hende at ein ikkje får særleg respons frå barna, men det krev at det vaksne investerer tid for å bli kjend med barna. Barn har rett på å få kvardagen tilrettelagt ut frå deira føresetnadar og behov (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 19). Som vaksne må me støtte barna og hjelpe dei å bygge opp sjølvbilete deira. Barna bør få oppleve at dei vaksne legg til rette for situasjonar barna meistrar. Me må og vere der som ei støtte for barna i situasjonar som kan opplevast som skremmande, slik at dei etter kvart kan meistre desse situasjonane på eiga hand.

Anerkjenning av barna er eit viktig aspekt. Me må prøve å forstå barna sine tankar, opplevelingar og kjensler. Dersom ein evnar å setje seg inn i barna sitt perspektiv og gjev barna positiv respons på kjenslene deira, vil dei utvikle ei betre sjølvkjensle. Ei sterkare sjølvkjensle og minst ein trygg voksen rundt barna vil hjelpe barna til å komme inn i det sosiale samspelet og fellesskapet i barnehagen. Som informant 2 seier: «alle har rett på en venn!»

7 Litteraturliste

- Asendorpf, J. (red.) (1986). *Shyness in middle and late childhood*. New York Plenum.
- Askland, L. & Sataøen, S. O. (2013). *Utviklingspsykologiske perspektiv på barns oppvekst* (3. utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Barsøe, L. (2010). *Ville og stille barn i barnehagen : Veier ut av låste atferdsmønstre*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Bergsland, M. D. & Jæger, H. (2014). Bacheloroppgaven. I H. Jæger (Red.). *Bacheloroppgaven i barnehagelærerutdanningen* (s. 51-85). Oslo: Cappelen Damm.
- Brandtzæg, I., Torsteinson, S. & Øiestad, G. (2013). *Se barnet innenfra: Hvordan jobbe med tilknytning i barnehagen*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Drugli, M. B. (2017). *Liten i barnehagen*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Flaten, K. (2010). *Barn med sosial angst og sjenanse*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Henderson, L. & Zimbardo, P. (red.) (2001). *Shyness, social anxiety, and social phobia*. Boston: Allyn and Bacon.
- Larsen, A. K. (2007). *En enklere metode. Veiledning i samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo: Fagbokforlaget.
- Lund, I. (2012). *Det stille atferdsproblemet: innagerende atferd i barnehage og skole*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Lund, I. (2004). *Hun sitter jo bare der : Om innagerende atferd hos barn og unge*. Bergen: Fagbokforlaget.

Kunnskapsdepartamentet. (2019). *Tett på – tidlig innsats og innkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. (Meld. St. 6 (2019-2020)). Henta frå <https://www.regjeringen.no/>

Milne, A.A. & Shepard, E.A. (2007). *Huset på bjørnehjørnet*. Oslo: Gyldendal.

Sørlie, M.-A. (2000). *Alvorlige atferdsproblemer og lovende tiltak i skolen : En forskningsbasert kunnskapsstatus*. Oslo: Praxis forlag.

Utdanningsdirektoratet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Innhold og oppgåver*. Henta frå <https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-nynorsk2017.pdf>

8 Vedlegg

8.1 Vedlegg 1: Førespurnad om deltaking på intervju

Hei

Mitt namn er _____ og eg er 3.klasse student på barnehagelærarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet (Bergen). Eg skal no skrive avsluttande bacheloroppgåve. I oppgåva mi ønsker eg å finne ut av korleis barnehagelærarar arbeider med tilknyting til barn med innagerande åtferd i barnehagen. Dette ved hjelp av denne problemstillinga:

«Kva legg pedagogiske leiarar i omgrepet innagerande åtferd og korleis arbeider dei med tilknyting til barn med innagerande åtferd?»

Eg skal gjennomføre ein kvalitativ studie og treng difor deltakrar til intervju. Det å delta er frivillig, og dersom du vel å delta kan du når som helst trekke samtykke tilbake utan å oppgi grunn. Intervjua vil bli tatt opp på bandopptakar. Alle opplysningar vert anonymisert, og data som vert samla inn skal berre brukast til å skrive bacheloroppgåva. Prosjektet skal etter planen vere avslutta 2. juni 2020 og etter dette vil alle data bli sletta. Dersom du ønsker det, vil du få moglegheit til å lese gjennom det transkriberte intervjet i etterkant for godkjenning.

Spørsmåla til intervjet vil verte utdelt dagen før intervjet skal skje, slik at du får moglegheit til å tenke gjennom dei på førehand. Eg ønsker helst å gjennomføre intervju i løpet av veke 12 og 13, men dette kan avtalast nærmare. Intervjet vil ikkje vare lenger enn 1 time.

Dersom du ønsker å delta i prosjektet eller har spørsmål kan eg kontaktast på tlf. eller mail.

Ansvarleg institusjon er Høgskulen på Vestlandet, og min rettleiar er Modgun Ohm. Du har moglegheit til å kontakte ho dersom det er behov for det. Ho kan kontaktast på mail:
modgun.ohm@hvl.no.

8.2 Vedlegg 2: Intervjuguide

1. Alder:
2. Kva utdanning har du?
3. Kva stilling har du?
4. Kor lenge har du jobba i barnehage?
5. Kva legg du i omgrepet innagerande åtferd?
6. Kva legg du i omgrepet tilknyting?
7. Kva erfaringar har du med barn med innagerande åtferd?
8. Har du/har du hatt barn som du definerer som barn med innagerande åtferd på di avdeling?
9. Korleis arbeider de med tilknyting til barn med innagerande åtferd på di avdeling? (Kom gjerne med eksempel).

10. Korleis inkluderer de barn med innagerande åtferd i leik, samlingar o.l.?

11. Synes du at barna som viser innagerande åtferd vert anerkjent i like stor grad som barn som viser utagerande åtferd/andre barn?

12. Korleis erfarer du at personale sin kunnskap kring innagerande åtferd er?

13. Anna du vil legge til?